



Planprogram
for
Kommuneplanen sin arealdel for
Gulen kommune
Periode 2018-2030



Innholdsliste

1.0 Innleiing	3
2.0 Formål med planarbeidet	5
2.1 Lovgrunnlag	5
2.2 Formålet med planprogram	5
2.3 Behov for revisjon av kommuneplanen sin arealdel	6
2.4 Formål med planarbeidet	7
2.5 Skildring av planområdet	8
2.6 Skildring av prioriterte tema/delområde	10
3.0 Planarbeid og prosess	11
3.1 Organisering av planarbeidet	11
3.2 Medverknad	12
3.3 Framdrift	12
4.0 Krav om konsekvensutgreiing	13
4.1 Tema for konsekvensutgreiing	13
4.2 ROS-analyse	15
5.0 Planføresetnader og overordna rammer	15
6.0 Vedlegg	17

1.0 Innleiing

Kommuneplan består av samfunnsdel og arealdel, der arealdelen baserer seg på føringar gitt i samfunnsdelen, som fastset utviklingsstrategi og satsingsområde for kommunen. Kommuneplan for Gulen kommune vart sist behandla i perioden 2012-2014, med rullering av både samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen vart godkjent 30.01.2014, og arealdelen vart godkjent 12.06.2014, med mindre endring 15.12.2015.

Gulen kommune har følgjande visjon som framleis er aktuell:

Historisk og framtidsretta

Med:

- Gode oppvekstvilkår
- Livskraftige og samarbeidande bygder
- Mangfald og rom for alle

Arealdelen skal gje uttrykk for kommunens satsingsområde for arealbruk og synleggjere kommunens prioriteringar for utviklinga av kommunen. Arealdelen har eit tidsperspektiv på 12 år, men skal vurderast revidert kvart 4. år, dvs. ein gong per kommunestyreperiode.

Kommunal planstrategi som vart godkjent i 2016 set krav om at kommuneplanens arealdel skal reviderast i 2017 og 2018. Gjeldande samfunnsdel vert framleis vurdert som aktuell, og gjeldande kommuneplanrullering gjeld berre for arealdelen. Samfunnsdelen godkjent i 2014 vil derfor framleis gjelde som eit grunnlag for utarbeiding av ny arealdel.

Samfunnsdelen av 2014 gjev føringar for fokusområde i arealdelen. Ifølgje samfunnsdelen er følgjande tema hovudsatsingsområde for vidare utvikling av kommunen:

- Busetnad og kommunale tenester
- Infrastruktur og næringsliv
- Barn og unge og kultur

Overordna mål og strategiar for framtidig utvikling av kommunen gitt i samfunnsdelen vil vere eit grunnlag for rulleringa av arealdelen. Samtidig vil og endring av trendar og behov i arealbruk som har gjort seg tydeleg etter førre rullering, samt innkomne innspel, vere grunnlag for arbeidet. Desse lokale behova vil vurderast opp mot statlege krav og retningslinjer.

Ved aktuell rullering vil kommunen vurdere kva for endringar det er hensiktsmessig å

gjere i forhold til eksisterande arealdel. Det er sannsynlegvis ikkje naudsynt med så store endringar etter siste rullering.

I planprosessen vil medverknad og samarbeid med interessentar, innbyggjarar, næringsliv og andre rørte partar, mellom andre barn og unge, vere viktig. Forslag til tiltak og aktivitetar for å auke grad av medverknad vert omtala i eige avsnitt.



Figur 1: Gulathingstaden på Flolid. Kjelde: Gulen kommune

2.0 Formål med planarbeidet

2.1 Lovgrunnlag

Utarbeiding av kommuneplan skal gjennomførast ut ifrå plan- og bygningslova § 11-1:

«Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.»

Plan- og bygningslova § 11-5 set krav om at alle kommunar skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk:

«Kommuneplanens arealdel skal angi hovedtrekkene i arealdisponeringen og rammer og betingelser for hvilke nye tiltak og ny arealbruk som kan settes i verk, samt hvilke viktige hensyn som må ivaretas ved disponeringen av arealene. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, bestemmelser og planbeskrivelse hvor det fremgår hvordan nasjonale mål og retningslinjer, og overordnende planer for arealbruk, er ivaretatt.»

2.2 Formålet med planprogram

Plan- og bygningslova § 4-1 set krav om at det ved alle regionale planer og kommuneplaner skal utarbeidas planprogram som grunnlag for planarbeidet og som ledd i varsling av planoppstart. Planprogrammet skal gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosessen, opplegget for medverknad, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar.

Krav om å utarbeide planprogram følger av både plan- og bygningsloven og forskrift om konsekvensutgreiing.

Planprogram er det fyrste dokumentet i eit planarbeid. Planprogram for kommuneplaner skal:

- Avklare rammer og premisar, samt klargjere formålet med planarbeidet
- Skildre kva problemstillingar som synast viktige for miljø og samfunn i planarbeidet
- Skildre realistiske og relevante alternativ, og korleis behandling av desse skal takast omsyn til i planarbeidet
- Gje ei skildring av kva utbyggingsstrategiar og alternativ som vil verte vurdert og problemstillingar som vil verte belyst, her under utgreiingar som vurderast som naudsynt for å gje eit godt avgjerdsgrunnlag
- Skildre opplegg for informasjon og medverknad

- Gjere greie for planprosess

Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel går ut frå følgjande kommunale saksdokument:

- Kommuneplanen sin arealdel, 2014
- Kommuneplanen sin samfunnsdel, 2014
- Kommunal planstrategi, 2016
- Gjeldande reguleringsplanar
- Gjeldande handlings- og økonomiplan
- Klima- og energiplan, 2011
- Beredskapsplan, 2011
- Trafikktryggingsplan, 2013
- Strandsoneanalyse, 2011 og 2013
- Kommunedelplan for hyttebygging, 2004

Vedtak om kunngjering av planoppstart vedtakast av formannskapet jf. Gulen kommunes delegasjonsreglement. Planprogrammet skal leggjast ut på høyring og offentleg ettersyn samtidig med kunngjering av oppstart av planarbeid. Høyringsperiode bør vere minimum 6 veker. Etter høyringsperioden og evt. revidering av planprogram, vert planprogrammet vedteke av kommunestyret, og skal ligge til grunn for utarbeiding av planforslag.

2.3 Behov for revisjon av kommuneplanen sin arealdel

Gjeldande arealdel er vedteke i 2014, med mindre endring frå seinast 2015. Som grunnlag for arbeidet med denne rulleringa av arealdelen er også kommuneplanen sin samfunnsdel vedteke i 2014 og kommunal planstrategi vedteke i 2016.

Gjeldande samfunnsdel inneheld mål og visjonar som framleis er aktuelle. Desse skal ligge til grunn for planlegging og forvaltning i kommunen. Samfunnsdelen viser sentrale utviklingstrekk og definerer hovudmålsettingar.

Samfunnsdelen set følgjande mål for den framtidige utviklinga av Gulen kommune, som framleis er aktuelle:

- Vere ein god og trygg kommune å bu i
- Auke i innbyggjartal til 2500

Samfunnsdelen peiker og på utfordringar og satsingsområde for kommunen:

- Folketalsutviklinga: Alderssamansetjinga i befolkninga i kommunen vil endre seg, og tal eldre over 75 år vil auke kraftig frå 2020, medan tal innbyggjarar i yrkesaktiv alder vil gå tilsvarande ned.
- Variasjon i arbeidsplassar: Industribedrifter tilbyr arbeidsplassar som er mindre attraktive for dagens ungdommar.
- Livskraftige bygdesenter: Gulen er spreidd byggd, og motverker trenden med sentralisering av den kommunale innsatsen. Vil framleis behalde fire robuste bygdesenter.
- Kvalitet på det kommunale tenestetilbodet: I høve sentralisert/desentralisert lokalisering.
- Folkehelse: Utfordring å samordne tilbod og samarbeid med lag, organisasjonar og frivillige.
- Klima og miljø: Plikt til å ta omsyn til klimapåverknader, retningsliner for ras, flaum, ekstremver, havnivåstiging m.m.

Basert på den gjeldande samfunnsdelen sine hovudsatsingsområde Busetnad/kommunale tenester, Infrastruktur/næringsliv og Barn og unge/kultur bør arealdelen fokusere på mellom anna:

- Gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling
- Område for bustadbygging, offentlege føremål mm.
- Område for vidare sentrumsutvikling med fokus på kultur og handel i bygdesentra
- Infrastruktur, trafikktryggleik, nettverk for fleire og ulike trafikkantar

Kommuneplanen sin arealdel skal vere ei konkretisering av overordna mål og føringar, og er styrande for forvaltning av areal og naturressursar i kommunen. Noverande plan er god, og administrasjonen ser ikkje behov for omfattande endringar. Ny kommuneplan vil i hovudsak vere ei vidareføring av eksisterande plan, men i ein meir oppdatert og tilpassa form. Aktuell rullering vil i hovudsak innebere mindre endringar og oppdateringar for å tilpasse plangrunnlaget betre til dagens behov.

2.4 Formål med planarbeidet

Formålet med rullering av kommuneplanen sin arealdel er å leggje til rette for ønskt utvikling, i tråd med gjeldande samfunnsdel. Aktuell rullering vil vere ei forholdsvis avgrensa rullering. Formålet med aktuell rullering er å oppdatere og tilpasse plangrunnlaget betre til endra trendar og behov innanfor arealbruk, og å vidareføre eksisterande arealdel i ein meir oppdatert form. Planarbeidet vil gjennom innspel og samarbeid med innbyggjarar, næringsliv og andre interessentar ta føre seg kva endringar det er aktuelt få inn i plangrunnlaget for å best mogleg ta høgde for dagens

behov.

Satsingsområde nemnt i samfunnsdelen er også relevant for planarbeidet. Følgjande tema, som er direkte vidareført frå overordna mål, er konkretisert ned til handgripelege strategiar for arealbruk:

- Sikre gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling
- Setje av område for bustadbygging, offentlege føremål m.m.
- Setje av område for vidare sentrumsutvikling med fokus op kultur og handel
- Avklare trafikktryggleik og nettverk for fleire og ulike trafikkantar
- Avklare buffersone mellom dei ulike områda


Desse bør og vidareførast som føringar for arealdelen. Innspel og forslag til endringar skal derfor også vurderast opp mot overordna kommunale mål, samt mot nasjonale rammer og føringar.

2.5 Skildring av planområdet

Heile kommunen vil vere omfatta av planrulleringa. Under er ei kort skildring av utvalde forhold i kommunen, for å betre knytte dagens situasjon saman med strategiar for vidare utvikling.

Geografi og arealbruk: Gulen kommune ligg heilt sørvest i Sogn og Fjordane, og grensar til Hordaland og Fensfjorden i sør og til Sognefjorden i nord. Kommunen omfattar eit landareal på 597 kvadratkilometer som inneheld variert natur frå kyst til fjell, med øyar, holmar og skjer og fastland som er prega av dalføre og fjordarmar. Landskapet langs fjordane har eit smalt belte med relativt flatt terreng langs fjordane og i dalbotnane, med bratte lier bakom. I dei ytre delane av kommunen og på øyane er landskapet meir flatt.

Det meste av landarealet i kommunen er LNF-areal (landbruk, natur og friluftsliv jf. eksisterande kommuneplan), og består av skog, heiar og fjell. Areal som er avsett som LNF-areal i eksisterande kommuneplan er på 55 900 dekar. I tillegg er 5780 dekar sett av til LNF med spreidd bygging tillate. Elles er areal avsett til bustadføremål på til saman 1929 dekar, fritidsbustader til saman 6213 dekar, industri eller næring til saman 2301 dekar og akvakultur i sjø til saman 11 550 dekar.



Figur 2: Oversiktskart over Gulen kommune. Kjelde: Gulen kommune

Busetnad: Busetting er ganske spreidd i landskapet, og dei fleste bur nær sjøen eller i dalbotnar. Dei ca. 2300 fastbuande fordeler seg ganske jamt mellom dei fire skulekrinsane Brekke, Byrknes, Dalsøyra og kommunesenteret Eivindvik. Dei fire bygdesentra har kvar om lag 300 innbyggjarar, mens resten er fordelt i mindre grender og enkeltbustadar. I tillegg til dei fastbuande er Gulen ein stor hyttekommune, og befolkninga i kommunen kan auke mykje i feriar.

Næringsliv: Næringslivet i kommunen er prega av mange små verksemder. Landbruk er framleis viktig. I tillegg er Gulen den største havbrukskommunen i Sogn og Fjordane, med stor aktivitet innan akvakultur, samt fiskeslakteri og -foredling. Området rundt Fensfjorden med Sløvåg og Skipavika inneheld mange industriverksemder, og området er eit satsingsområde for ny industri.

Samferdsle: E39 går nord-sør gjennom den austlege delen av kommunen frå Oppedal til fylkesgrensa til Hordaland, mens FV 57 går nord-sør mellom Rutledal og Sløvåg. Mellom aust og vest er FV 1 langs Sognefjorden mellom Instefjord og Rutledal, FV 3 frå Takle til Leversund bru og FV 4 frå Sløvåg til Byrknes viktige samanbindingsveggar. På E39 er vegstandarden god, mens vegane elles er smale og svingete.

2.6 Skildring av prioriterte tema/delområde

Følgjande tema vil bli prioritert i rulleringa av arealdelen:

Gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling: I samfunnsdelen er eit mål å utvikle fleire lønsame og varierte arbeidsplassar. Å leggje til rette for næringsutvikling er også sentralt i målet om å skape aktivitet og vekst i folketal i kommunen. Trendar og behov for areal for næringsutvikling er i endring, og areal sett av til næringsverksemd på land eller i tilknytning til sjø vil vere eit viktig punkt å ta med inn i ny arealdel, for å oppdatere den ut ifrå endra behov.



Figur 3: Næringsutvikling i Gulen, her illustrert ved opning av Skipavika Næringspark.

Område for akvakultur i sjø og på land: Nye trendar og behov også innan akvakulturnæringa viser at område avsett i eksisterande kommuneplan kanskje ikkje er like aktuelle lenger. Samtidig har akvakultur på land vorte meir aktuelt dei siste åra. Ved rulleringa vil det gjennomførast ei ny vurdering av eigna akvakulturlokalitetar. Dette vil vurderast gjennom samarbeid med og invitasjon til innspel frå akvakulturaktørar.

Bustader, plassering av bustadfelt og samordna bustad- og arbeidsplassutvikling: Busetting og befolkningsvekst er eit prioritert mål for Gulen. Det vil vere behov for attraktive områder for bustadbygging. I vurderinga av plassering av område for bustader skal det vere eit mål å mest mogleg unngå seinare dispensasjonar. Plassering av bustadfelt og område for bustadbygging bør også sjåast i samheng med plassering av areal for framtidig og eksisterande industri og næring, samt eksisterande skule og barnehage, framtidig og eksisterande infrastruktur og andre funksjonar. Det vil ta høgde for, og mest mogleg avgrense avstandsulempar og reisetid mellom bustad og

arbeidsplass, barnehage og skule m.m. Ved plassering av område for bustader vil det også vere fokus på ras/skredfare, klima og samfunnstryggleik.

Område for bygging i strandsona: Kommuneplanen fastset bestemte område der det er opna for bygging i strandsona, der byggegrensa mot sjø er mindre enn 100 meter. Ved rullering av kommuneplan bør det takast opp til vurdering om, korleis og i kva for grad område med byggegrense mot sjø på mindre enn 100 meter skal vidareførast eller endrast.



Figur 4: Eksempel på ubygd strandsona. Kjelde: Norconsult 2011, Strandsoneanalyse for Gulen kommune

Infrastruktur: Eit mål i samfunnsdelen er at heile kommunen skal bli eit felles bu- og arbeidsområde, og å minske avstandsulemper. Infrastruktur, trafikktryggleik, nettverk for fleire og ulike trafikkantar er nemnt som viktige tema. Ein bør arbeide for god infrastruktur både internt og ut av kommunen, og knytte dei fire bygdesentra betre saman. Ved rullering av kommuneplan bør dette temaet vidareførast som eit viktig fokusområde.

3.0 Planarbeid og prosess

3.1 Organisering av planarbeidet

Oppdragsgjevar: Kommunestyret

Styringsgruppe: Formannskapet

Prosjektansvarleg: Ordførar

Prosjektleder: Plankonsulent

Prosjektgruppe/arbeidsgruppe frå administrasjonen. Arbeidsgruppa møtast ofte og samarbeider tett.

Prosjektgruppa består av: Ordførar, rådmann, plankonsulent, einingsleiar plan, landbruk og teknisk, landbrukskonsulent m.fl.

3.2 Medverknad

For å sikre ein demokratisk prosess er det i plan- og bygningslova § 5-1 gitt krav om at alle som fremmer planforslag skal legge til rette for medverknad. Planprogrammet skal klargjere korleis ulike interesser, personar, grupper, lag og foreiningar m.m. kan delta i planlegginga.

Informasjon om planarbeidet: Varsel om oppstart vert kunngjort i avis og på www.gulen.kommune.no, sendt til aktuelle offentlege instansar samt informert til alle husstandar via Infoposten. Planprogram skal leggjast ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker. Ein kan gje innspel til høyring av planoppstart og planprogram.

Folkemøte: Det vil gjennomførast folkemøte i løpet av oppstartfasen av planarbeidet.

Møte/samarbeid med aktuelle grupper: Aktuelle grupper vil bli invitert til diskusjons- og samarbeidsmøte, til dømes barn og unge og aktørar frå næringsliv.

Planforum/samrådsmøte med statlege og regionale myndigheiter: Kommunen vil invitere etter behov.

Offentleg ettersyn: Planforslag vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Innspel: Det gis moglegheit til å kome med innspel til planrulleringa etter at planprogrammet er vedtatt. Både private og offentlege aktørar kan kome med innspel.

3.3 Framdrift

Førebels (grov) plan for framdrift:

Vedtak om planoppstart, formannskapet, sommar 2017

Høyring og offentleg ettersyn av planprogram, minimum 6 veker

Godkjenning av planprogram, kommunestyret, haust 2017

Utarbeiding av planforslag, haust 2017 - haust 2018

Opplegg for medverknad og innspel, haust 2017 - haust 2018

Høyring og offentleg ettersyn av planforslag, minimum 6 veker

4.0 Krav om konsekvensutgreiing

Både plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing stiller krav til konsekvensutgreiing ved utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel. Konsekvensutgreiing skal vere ein del av planbeskrivinga, og skal innebere ei grundig skildring og vurdering av planens verknader for miljø og samfunn. I konsekvensutgreiinga vert det teke utgangspunkt i metodikk frå Statens Vegvesens handbok V712.

For kommuneplanen sin arealdel gjeld krav om konsekvensutgreiing der det vert lagt ut nye område for utbygging. Det er dei delar av planen som fastset rammer for framtidig utbygging og som inneber endringar i forhold til gjeldande plan som skal utgreiast. Dette gjeld verknader av dei einskilde innspelsområda som gjeld endringar i forhold til eksisterande plan, og verknad av dei samla arealbruksendringane. I den grad planen opnar for nye område for utbygging skal planprogrammet klargjere kva konsekvensar som skal utgreiast.

4.1 Tema for konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiingar vert delt i to temagrupper; miljø og samfunn. Tema som vil vere vesentlege i konsekvensutgreiing er:

Miljø:

- **Forureining:** Klima og energi, klimagass og anna utslepp til luft, jord og vatn
- **Støy:** Ved grov industri og store endringar i transportplanar m.m.
- **Sikring av jordressursar (jordvern):** Sikre aktivt landbruk, kulturlandskap, mineralressursar
- **Naturmangfald:** Viktige naturtypar, truga artar
- **Kulturminne og kulturmiljø**
- **Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv:** Legge til rette for idretts- og friluftsliv for alle

Samfunn:

- **Transportbehov:** Trafikktryggleik, areal og transport, auka/endra trafikk som følgje av nye byggjeområde, næringsaktivitet m.m.
- **Teknisk infrastruktur,** samferdsel og IKT

- **Befolkning og tenestebehov:** Born og unge, utvikling av lokalsamfunn, kvalitet på det kommunale tenestetilbodet, grunneigarinteresser, næring og regional utvikling, alderssamansetjing.
- **Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit (ROS):** Naturfare, klima og miljø, grunntilhøve, flaum, skred, brann, eksplosjonsfare, utslepp til sjø, vassdrag og luft.
- **Forholdet til strategi for framtidig arealbruk:** Busetnad, fritidsbustader m.m.

Eksempel på tema for konsekvensutgreiing er også skildra i vedlegg.

Eksempel på sjekklister som kan nyttast ved vurdering av konsekvensar av endra arealbruk for eit einskild område, til dømes innspel:

Verdien av området knytt til miljø og samfunn:

Miljø- og samfunnsverdiar	Lokal	Regional	Nasjonal	Merknad
Rekreasjon friluftsliv				Fylkesdelplan for friluftsliv
Kulturminne-/landskap				Registrerte område
Naturverdiar				Registrerte prioriterte naturtypar
Primærnæring				Dyrka mark, fylldyrka jord, skog og fiske
Barn og unge				Bårnetrakk, samfunnsregistrering

Forklaring: * = liten verdi, ** = middels verdi, *** = Stor verdi, - = ingen

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Tema	konsekvens	Forklaring, kunnskapsgrunnlag, usikkerheit
Miljø		
1 Forurensing, klimagass, utslipp til luft, jord, vann		Miljøstatus
2 Støy		Støykart
3 Sikring av jordressursar (jordvern)		Landbruksareal AR5, strandsone
4 Naturmangfald		Arts databank og prioriterte naturtypar
5 Kulturminner		
6 Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv		Fylkesdelplan,
Samfunn		
1 Transportbehov		Trafikktryggleik, transportplan
2 Teknisk infrastruktur		VA, samferdsel, IKT
3 befolkningsutvikling og tenestebehov		Born og unge, samfunn, næring, UU
4 Samfunnstryggleik risiko og sårbarheit		Eige ROS? (tabell)
5 Forholdet til strategi for framtidig arealbruk		Busetnad, andre utviklingar

Forklaring: konsekvensar

Negativ (-)	Ingen (0)	Positiv (+)
-------------	-----------	-------------

Samla vurdering og eventuelle alternativa: <skildring>.

Konklusjon: Området vert <teke / ikkje teke> med ved utlegging til 1. gongs offentleg ettersyn.

Tabellen over kan nyttast ved kvar einskilde vurdering av delområde. Ved vurdering av

dei samla verknadene av arealbruksendringane skal vurderinga av delområda sjåast i samanheng. Konsekvensvurderingane av dei einskilde områda vil vere eit grunnlag for samla vurdering, men samla vurdering bør vere på eit meir overordna og kvalitativt beskrivande nivå enn for dei einskilde delområda.

Kunnskapsgrunnlaget om konsekvensar av planen vil i stor grad elles basere seg på eksisterande materiale frå tidlegare rulleringar.

4.2 ROS-analyse

Kravet om risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) gjeld for alle planar for utbygging etter plan- og bygningslova. ROS-analysen skal gjennomførast som del av konsekvensutgreiinga. Det vil gjennomførast ROS-analyse for område der planen opnar for ny utbygging, og som inneber endring av arealformål i forhold til gjeldande plan.

Metode for ROS-analysen tek utgangspunkt i NS5814, Fylkesmannen si sjekklister og Gulen kommune sin rettleiar «ROS vurdering – Konsekvensar og sannsynleg nivå» revidert 08.06.2015.

Analysen tek utgangspunkt i uønskte hendingar, som vert vurdert ut frå konsekvensar og sannsyn. Dersom det vert avdekket uakseptabel risiko, skal det definerast avbøtande tiltak for å redusere enten sannsyn eller konsekvensar.

5.0 Planføresetnader og overordna rammer

Ei rekkje nasjonale mål og føringar legg rammer for arbeidet med kommuneplanen.

Rikspolitiske retningslinjer:

Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014)

Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)

Andre overordna føringar:

Den europeiske landskapskonvensjonen (2004)

St.meld. Nr. 21 Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand (2004-2005)

Lover, Forskrift, Rundskriv, Publikasjonar:

Plan og bygningslov (2008)

Havne- og Farvannslov (2010)

Naturmangfaldlov (2009)
Kulturminnelova (1979)
Energilova (1990)
Forskrift om konsekvensutredning (2015)
Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene
Forskrift om kommuneplanens arealdel T-1491 (2008)
Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK). (2010)
Forskrift om farleder (2010)
Forskrift om tiltak som krever tillatelse frå Kystervet (2010)
Temaretteljar «Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven (2012)
Rundskriv Nasjonale mål og interesser i fylkes- og kommuneplanlegging T-2/98 (1998)
Rundskriv Tilgjengelighet for alle T-5/99 (1999)
Rundskriv Arealplanlegging og utbygging i fareområder T-5/97 (1997)
Rundskriv Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystsonen T-4/96 (1996)
Rundskriv Kulturminnevern og planlegging etter plan- og bygningsloven T-4/92 (1992)
Vern om jord og kulturlandskap (2006)
St. meld 16 (2002-2003) Resept for et sunnere Norge
St. meld 23 (2001-2002) Betre miljø i byer og tettsteder
St. meld 26 (2006-2007) Regjeringens Miljøvernpolitikk og rikets Miljøtilstand
St. meld 29 (1996-1997) Regional planlegging og arealpolitikk
St. meld 34 (2006-2007) Norsk klimapolitikk
St. meld 40 (2002-2003) nedbygging av funksjonshemmende barrierer
St. meld 39 (2000-2001) Friluftsliv
St. meld 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning
St. meld 58 (1996-1997) Miljøvernpolitikk for ein berekraftig utvikling
Regjeringens handlingsplan for universell utforming (2015-2019)
Veiledning til kart- og planforskriften (2009)
Retningslinjer for behandling av støy i arealplanleggingen T-1442 (2016)
Retningslinjer for planlegging av fritidsbebyggelse T-1450 (2005)
Skjerpning av planpraksis og dispensasjonspraksis i strandområdene (2002)
Retningslinje NVE 1/2008 Planlegging og utbygging i fareområder langs vassdrag (2008)
Retningslinjer 2/2011 Flaum og skredfare i arealplanar» (2011)
Retningslinje Kjerneområde Landbruk (2005)
Temaretteljar Landbruk og planlegging etter plan- og bygningslova (SLF) (2012)
Retningslinje GIS i samfunnsikkerhet og arealplanlegging (ROS-sjekkliste)
Retningslinje for lokal klimatilpassingsstrategi
Sjøkart og publikasjon "Den Norske Los"

Regionale målsetjingar og rammer:

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane (2016-2020)

Fylkesdelplan for klima og miljø
Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
Fylkesdelplan for landbruk
Fylkesdelplan for arealbruk
Naturtypekartlegging i HAFS-kommunane
Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion (2016-2021)

6.0 Vedlegg:

Vedlegg 1:

Eksempel på tema for konsekvensutgreiing

Tema	Moglege verknader	Kjent kunnskap	Utgreiingsbehov
Miljø:			
1 Forureining	klimagass og anna utslipp til luft jord vann, utbyggingsplanar energiforbruk	www.miljestatus.no VA kartbase, Energiutgreiing KDP for Klima og energi	Vidare krav for utgreiing i RP, Vurdering av nivå på utbygging, avbøtande tiltak. Redusering transportbehov.
2 Støy	Industriutbygging, trafikkplan	Støykart frå vegvesen	Støykrav kan ofte vidare førast til RP
3 Sikring av jord ressursar Landbruk og primær næring	Tap av dyrka og dyrkbar mark	Gardskart, Areal-Ressurskart	Detaljert vurdering av eventuelle enkeltområde / kjerneområder
4 Naturmangfald Natur og Miljø BM (Dyre- og planteliv)	Nye byggeområde og auka ferdsel på sjø og land kan påverke marint og landbasert dyre- og planteliv	Kartlegging av naturtypar, EDNA, artsdatabanken	Viltkartlegging, utfyllande kartlegging av naturtypar, strandsoneanalyse del 2
5 Kulturminne og kulturmiljø	Kulturminne kan verta råka av ny utbygging og meir ferdsle.	Sefrak og Askeladden	Kartlegging av automatisk freda kulturminne i nye byggeområde, jf kulturminne-lova § 9. Registreringa innanfor planområdet kan vere mangelfull.
6 Nærmiljø grøstruktur friluftsliv rekreasjon	Nye byggeområde kan koma i konflikt med eksisterande eller ønska bruk	FRIDA, fylkesatlas, inngrepsfri-kart Kystarven tursti prosjekt	Eksisterande og framtidig bruk, Kartlegging friområda strandsoneanalyse del 2
Landskap og strandsone	Endring av landskapet som følgje av nye byggeområde og tilretteleggingstiltak	Kommunedelplan Hyttebygging, strandsoneanalyse del 1 Skråfoto, ortofoto	Overordna landskapsanalyse for aktuelle område Strandsoneanalyse del 2
Samfunn:			
1 Transportbehov Trafikktryggleik areal og transport	Nye byggeområde, næringsaktivitet og fastlandsforbindelse vil skape auka / endra trafikk	KDP for trafikksikring (2001-2004)	Regional transport-plan for S Fj. Rullering trafikktryggingssplan
2 teknisk Infrastruktur, samferdsel og IKT	Behov for oppgradering / ny infrastruktur knytt til nye næringsområde. Auka sjøvegs transport og hamnefunksjonar.	Diverse planar og prosjekt, kommune, BKK, private	Nødvendige tiltak i utbyggingsområde Registrering fiskerihamn Rullering trafikktryggingssplan
3 Befolknings-utvikling og tenestebehov Lokalsamfunn/ barn og unge/ grunneigar /helse	Etablering av meir industri kan påverke det etablerte lokalsamfunnet Universell utforming	Barnetråkk Dalsøyra, fylkes(del)planar	Vurdere konsekvensar for lokalsamfunnet / barn og unge / grunneigar / næring Barnetråkk for andre bygdesenter Kommunal tenestebehov Folkehelse
Næring og Regional utvikling	Utvikling av næringsliv og sysselsetjing i regionen.	Regionale og statlege prosjekt	Sjå i samheng med regionale prosjekt og analysar. ROS
4 Samfunns-tryggleik (ROS)	Nye byggeområde kan ha risiko for utslepp til sjø og luft samt andre ulykker. Havnivå-stigning, ekstremver	Nasjonale databasar for flaum, skred, grunntilhøve. Prognosar for endra klima og havnivå.	Eventuelt eige ROS analyse Mulig aktualisering beredskapsplan for Gulen
5 Forholdet til strategi for framtidig arealbruk Busetnad	Utviding i strandsone. Tilgjenge for alle i aktuelle byggeområde.	Areal GIS analyser Strandsoneanalyse	«Robuste bygdesenter»? kommunal tenestebehov Folkehelse, samhald